

## Ventar framleis på breiband

16.01.2016

**17 adresser og 13 verksemder i øvre del av dalen ventar framleis på fibernett. Dei er mellom Klammeren og Friheim og løysinga er lite stabil med tidvis altfor låg fart samstundes som det tar tid å få retta feil. Saka har vore drøfta i eit møte mellom privatpersonar, , bedrifter og kommunen og ordførar Peder Sjo Slettebø uttrykte forståing for problema utan at han kunne lova å løyse dei no. Han lova imidlertid å vera med på å finna midlar. Det trengs ein million til føremålet.**

Tidlegare er det gjeve NKOM- midlar til utbyggjinga på Varaldsøy, Ølve og Hatlestrand. Kvinnherad Breiband har rekna med eit bidrag på 22 000 kroner for kvart påkoplingspunkt frå deira side. Andreas Kristoffersen peika på at dagens samfunn krev tilgang til internett, ikkje minst av omsyn til elevar og studentar, og verksemdene skal levera rekneskap og rapportar. Alt dette krev fart og stabilitet på nettet, som ein ikkje har i dag

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen